



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
09.02.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/1710 522.4
Dykkar referanse

Til
Kommunane i Hordaland

Plantevern - autorisasjon og bruk - informasjon til kommunane

Det er no fleire endringar både i høve til bruk av plantevernmiddel og i rutineane rundt autorisasjonsordninga for kjøp og bruk av yrkespreparat av plantevernmiddel. Frå sommaren 2015 er det ny forskrift om plantevernmiddel.

Kommunane har no fått fleire arbeidsoppgåver knytt til autorisasjon plantevern. I februar 2016 skal det vere mange autorisasjonskurs i Hordaland. Det er no også fleire som tek eksamen på nett. Det er viktig at kommunane er klare til å handtere dette.

Oppgåver for kommunen er:

1. Vurdere vilkår for autorisasjon, inkludert yrkesmessig behov.
2. Oppdatere autorisasjonsdatabasen med kven som skal ha autorisasjonsbevis.
3. Halde eksamen.
4. Krevje utbetaling frå Fylkesmannen for arbeid med autorisasjonsordninga.
5. Handsame søknader om spreiding i utmark, spreiding i kantsoner, og helikopterspreiing.
6. Hjelpe brukarane med spørsmål.
7. Kontroll av plantevernjournal etter nye krav

Sjå punktvis omtale under.

1. Vurdere vilkår for autorisasjonsbevis

Gang i arbeidet

- Gjere konkret vurdering dersom brukar tek kontakt i forkant av eksamen. Dersom ein brukar ønskjer å vere sikker på å faktisk få autorisasjonsbeviset etter bestått eksamen, kan han/ho avklare med kommunen på førehand korleis yrkesmessig behov blir vurdert for deira del.
- Eksamen;
 - a. Ved «papireksamen»: Fylkesmannen sender fortløpande liste til kommunen over kven som har bestått eksamen og dermed ønskjer bevis. I tillegg til dei som tek eksamen i samband med kurs, vil dette også gjelde dei som tek ny eksamen etter stryk eller fornyingseksamen utan kurs. Kommunen kan også søke opp aktuelle personer i autorisasjonsdatabasen
 - b. Ved eksamen på nett: Brukaren tek kontakt med kommunen for å få autorisasjonsbevis.

Kvar natt blir autorisasjonsbasen oppdatert med kven som har bestått eksamen på nett . Sjå vedlegg 2 for rettleiing til å søkje opp desse.

- Yrkesmessig behov;
 - a. Kommunen må vurdere om vilkåra for autorisasjon er til stades. Dersom det er avslag på å kunne få autorisasjonsbevis, skal dette bli utforma som eit skriftleg vedtak som skal sendast til brukaren, og kan bli påklaga.
 - b. Dersom det er manglande informasjon om yrkesmessig behov, må kommunen hente inn dette. Kommunen kan få inn mest mogleg informasjon i samband med eksamen. I samband med utlysing og arrangement av kurs blir det gjort merksam på krava, og at dei som ikkje er registrert med næringsmessig landbruksdrift sjølv bør sende informasjon til kommunen.
 - c. Årsak til yrkesmessig behov skal skrivast inn i autorisasjonsdatabasen, sjå punkt 2 (neste side) om oppdatering av databasen.
 - d. Ved fornying av bevis gjeld dei same vilkåra som ved bevis for første gang.

Kommunen gjer desse vurderingane for dei som er busette i kommunen. Dersom det yrkesmessige behovet blir vurdert ut frå ein landbrukseigedom i annan kommune, kan kommunane bli einige om at det er kommunen som har «den moglege årsaken» til yrkesmessig behov som skal gjere vedtaket.

På jordbruksskulane er det fleire som tek eksamen som eit fag, utan at dei nødvendigvis har rett på å få bevis. Å vere elev ved skulen er ikkje eit yrkesmessig behov, men dersom dei gjer jobb på foreldra sin gard, har sommarjobb eller anna, blir det vurdert på same måte som elles.

Vilkår

For å kunne få autorisasjonsbevis må ein vere over 18 år, ha bestått eksamen og ha *yrkesmessig* behov for autorisasjon, sjå også [Forskrift om plantevernmidler § 8](#).

Dei som har *yrkesmessig* behov for autorisasjon kan til dømes vere:

- a) Eigar og tilsett i føretak med næringsmessig landbruksdrift.
- b) Barn, ektefelle/sambuar, foreldre som er involvert i næringsmessig landbruksdrift.
- c) Den som leigar ut areal til næringsmessig landbruksdrift og gjer plantevernjobb for leigetakar på dette arealet.
- d) Hobbydyrkarar som kan leggje fram konkrete planar for å auke produksjonen til næringsmessig drift.
- e) Andre med behov for plantevernmidde i yrkessamanheng, som:
 - tilsette ved gartneri / anleggsgartnerverksemd, vaktmester med ansvar for grøntanlegg, greenkeeper på golfanlegg, forhandlar av plantevernmidde, rådgivar / lærar som undervisar om plantevernmidde, tilsette / studentar ved forskingsinstitusjon som nyttar plantevernmidde og landbruksentreprenør som skal nytte plantevernmidde.

Sjå også døme frå Mattilsynet i [«Instruksen»](#), §7.

Hobbydrift og skjøtsel av kulturlandskap blir *ikkje* rekna som næringsdrift, og kvalifiserer ikkje til å kunne få autorisasjon. I tvilstilfelle må kommunen vurdere ut frå type drift, leveranse av varer og omfang om det er næringsdrift eller hobbydrift. Kommunen kan ikkje gi autorisasjon til utleigar av jordbruksareal når leigetakaren sjølv gjer plantevernjobben på areala, eller når utleige er til rein hobbydrift.

2. Oppdatere autorisasjonsdatabasen og tinge bevis frå Mattilsynet

Gang i arbeidet

- Sjå til at rett sakshandsamar i kommunen har brukartilgang til Autorisasjonsdatabase for plantevernmiddel: <http://autweb.internova.no/Prod/Login.aspx> .
Dei fleste skal ha fått passord tilsendt frå Mattilsynet i midten av august 2015.
For spørsmål om passord: kontakt Mattilsynet v/Marit Lilleby Kvarme:
tlf 22 77 86 48 / e-post Marit.Lilleby.Kvarme@mattilsynet.no
- Etter eksamen: oppdatere Mattilsynet sin database med kven som skal ha bevis og ikkje:
 - For dei som har yrkesmessig behov: registrere / tinge bevis. Dersom brukaren ikkje sjølv er registrert med næringsmessig landbruksdrift med produksjonstilskot: Notere i merknadsfelt for beviset kva som er årsak til behov, til dømes arbeidsgivar. Merknadar kjem ikkje med på sjølve beviset til brukaren.
 - For dei som ikkje har yrkesmessig behov: Notere dette i merknadsfeltet for personen.
- Dersom folk har mista beviset, kan dei ta kontakt med kommunen for å få eit nytt.
 - Dersom beviset kan dukke opp att, eller det hastar å få eit bevis: Kommunen skriv ut eit mellombels bevis og sender sjølv per brev eller signert med e-post til brukaren.
 - Dersom beviset blir sett på som tapt: tinge duplikatbevis (dette er førebels gratis, men kan etter kvart bli belasta med gebyr).

Originalbevis / duplikatbevis kjem i posten til brukaren innan 2 veker. Mattilsynet sender til adressa som ligg i autorisasjonsdatabasen. Merk at det er kommunen sjølv som sender ut eit *mellombels* bevis. Dette er gyldig i 2 månader. Brukarar som har bestått fysisk eksamen vil få tilsendt kursbevis frå Fylkesmannen. Brukarar som har bestått eksamen på nett kan laste ned kursbevis sjølv. Merk at dette kursbeviset ikkje er gyldig for kjøp og bruk av plantevernmiddel. Brukaren må da ha eit autorisasjonsbevis.

Fylkesmannen i Hordaland rettar eksamen for dei som tek denne «på papir», og oppdatere autorisasjonsdatabasen med bestått / ikkje bestått eksamen. For dei som tek eksamen på nett, vil status i databasen bli automatisk oppdatert. Kommunen kan sjå denne informasjonen, sjå rettleiing vedlegg 2. Hugs at det ikkje er nok å ha bestått eksamen for å kunne få autorisasjonsbevis, jmf. tidlegare omtale.

Fylkesmannen sender ut kursbevis til alle som består autorisasjonseksamen per papir . Dette kursbeviset er *ikkje* eit autorisasjonsbevis. Dei som består eksamen på nett kan sjølv skrive ut kursbevis, dersom dei ønskjer dette.

Brukarhjelp

Sjå vedlagt informasjon for rettleiing, vedlegg 1.

Ved behov for ytterligere hjelp, kontakt:

anten Fylkesmannen i Hordaland v/Øyvind Vatshelle eller Linda Antonesen eller Mattilsynet v/Marit Lilleby Kvarme .

3. Halde eksamen

Fylkesmannen i Hordaland forventar at kommunane arrangerer eksamen etter kurs som blir haldne i kommunen. I nokre tilfelle når det er fleire eksamenar i same kommune, med deltakarar frå mange andre kommunar, kan det vere aktuelt at Fylkesmannen finn andre enn kommunen til å arrangere nokre av eksamenane. I samband med kurs er det oftast kursarrangør som tingar eksamensoppgåver.

Kommunen må også organisere eksamen for dei som stryk på felles eksamen, og vil ta prøven på ny. Kommunen må da tinge eksamensoppgåver hos Fylkesmannen v/Linda Antonesen.

Det er ulike eksamesoppgåver for ulike kulturar, med følgjande aktuelle for Hordaland: generell, fôrvokstrar, frukt og bær, veksthus, grøntanlegg. Dersom ein person stryk på ein eksamen, skal vedkommande få anna oppgåve neste gang. Ein må skilje mellom eksamen ved første gangs bevis og oppgåve ved fornying, samt målform nynorsk/bokmål.

Vedlegg 3 : Sjekkliste for å arrangere eksamen

4. Utbetaling frå Fylkesmannen for arbeid knytt til autorisasjonsordninga

Når kommunane arrangerer eksamen, vil kommunen kunne få betalt for arbeid dei har med autorisasjonsordninga. Dette gjeld berre for fysisk eksamen (ikkje på nett), og det gjeld uavhengig av bustadskommunen til brukarane. Kommunen må då sende faktura til Fylkesmannen. Det er mogleg å samle opp faktura for heile året dersom det er fleire eksamenar i kommunen.

Godtgjeringsa er per no *55,- kroner per person* som har teke eksamen. Dette skal både dekkje arbeid med gjennomføring av eksamen og arbeid knytt til vurdering av vilkår og oppdatering av autorisasjonsdatabasen. Dersom det er andre enn kommunen som må organisere eksamen praktisk, kan dei få utbetalt *kr 40 per person*.

Gang i arbeidet

Send faktura til fakturaadresse:

Fylkesmannen i Hordaland
Fakturamottak SSØ
Pb 4104
2307 HAMAR
(Att:: Autorisasjon plantevern)

Følgjande må komme fram frå fakturaen:

- Kva kommune, kontonr, org nr, beløp.
- Dato for eksamen og tal deltakarar på eksamen

5. Handsame søknader

Kommunen skal handsame søknader om spreiring av plantevernmiddel med helikopter (Instruksen kap iii), eller i kantsoner (kap iv) eller i utmark på areal som er 15 daa eller større (kap v).

Kommunen skal også ta imot melding om spreiring i utmark på areal mindre enn 15 daa (kap vi) og vurdere denne. Dersom kommunen meiner at spreiringa er i strid med plantevernforskriften § 22 første ledd og § 23, skal meldinga bli sendt til Mattilsynet. Kommunens ansvar er heimla i [Deleg. av myndigheit etter plantevernmidelforskriften](#) I «[Instruksen](#)» kjem det fram korleis kommunen skal handsame og vurdere slike søknader.

Aktuelle skjema er vedlagt:

Søknad om spreiring av plantevernmiddel frå luftfartøy

Søknad om spreiring av plantevernmiddel i kantsone og på årkerholmar

Søknad om spreiring av plantevernmiddel i utmark (15 dekar og større)

Melding om spreiring av plantevernmiddel i utmark (mindre enn 15 dekar)

6. Hjelp brukarane - informasjon

Kommunen skal òg gje råd til brukarane i høve til vurdering av vilkår for autorisasjon og andre søknader som kommunen skal handsame.

Kommunen kan hjelpe brukarar i høve til eksamen på nett dersom ein veit råd. Elles kan kommunen vise vidare til Mattilsynet.

Eksamen på nett

Det er no mogleg å ta fornyingseksamen på nett (lansert 18.12.2015). Dette gjeld ikkje eksamen for første gang. Førstebels er kurs og eksamen berre tilgjengeleg på bokmål, og eksamen er uavhengig av kultur (frukt, grovfôr, veksthus, anleggsgartnar mm). Dersom det blir spørsmål i samband med kurs og eksamen på nett, ønskjer Mattilsynet at kommunen gir råd til brukarane.

Meir informasjon og lenke til pålogging:

http://www.mattilsynet.no/planter_og_dyrking/plantevernmidler/bruk_av_plantevernmidler/nettbasert_authorizedkurs.17253. Innlogging skjer ved hjelp av MiniID eller BankID. Her ligg også rettleiing. Andre spørsmål om kurset kan kommunen rette per e-post til authorizedkurs@mattilsynet.no.

Prisen for å ta kurs og eksamen på nett er per no kr 835, og vil følgje endringar i Mattilsynet sine gebyrsatsar. Ein vil få faktura for påbegynt kurs. Oppdaterte gebyrsatsar i [Forskrift om betaling av gebyrer for særskilte ytelsar fra Mattilsynet](#): Administrasjonsgebyr i § 7 og Gjennomføring av nettbasert kurs og eksamen, samt utstedelse av bevis, i vedlegg 1, kap 1.

Tradisjonelle kurs og eksamen på papir

Vi reknar med at det framleis er mange som vil gå på tradisjonelle kurs og ta eksamen fysisk. Prisen for slike tradisjonelle kurs blir fastsett av kursarrangør. Av denne prisen er kr 180 eit gebyr til Mattilsynet, som blir kravd inn av Fylkesmannen.

Kursarrangørar i Hordaland:

- Norsk Landbruksrådgiving Hordaland v/Henrik Tellevik
- Haugalandet landbruksrådgjeving
- Norsk Veksthusrådgiving v/Magne Berland
- Stend vidaregåande skule

I tillegg blir det halde førstegangskurs for elevar ved Voss jordbruksskule, Hjeltnes vidaregåande skule og Stend vidaregåande skule.

7. Kontroll av plantevernjournal etter nye krav

I samband med 5% -kontroll av produksjonstilskot skal kommunen også kontrollere om føretaket har plantevernjournal, og om denne tilfredsstiler krava til journal. Det er no nye krav til yrkesbrukarar for innhald i ein godkjent plantevernjournal:

- **Integrert plantevern:** Vurdering av alternative metodar enn kjemiske plantevernmiddel
Integrert plantevern har blitt eit krav med den nye forskrifta, og er ikkje lenger berre ei tilråding. Bønder og andre yrkesbrukarar har plikt til å vurdere alternative metodar enn kjemiske plantevernmiddel for å kjempe mot skadegjerarane. Dette kan føre til meir kostnadskrevjande metodar. Vurderinga må komme fram i journalen.
- **Vurdering av korleis brukaren kan redusere ureining til vassdrag i samband med sprøyting**
Yrkesmessige brukarar er no pålagt å vurdere å bruke middel som er mindre skadeleg for vannmiljø, å bruke spreieutstyr som gir mindre avdrift, å ha meir enn 3 meter buffersone og å avgrense bruken av plantevernmiddel på veg og anna areal med stor fare for avrenning og overflatevatn. Kva tiltak ein har gjort skal komme fram av sprøytejournalen.

Heimel og endringar av regelverk

Oppgåvene er heimla i følgjande regelverk:

- [Forskrift om plantevernmidler av 8.5.2015, trådte i kraft 1.6 2015.](#)
- [Delegering av myndighet til kommunen og fylkesmannen etter plantevernmidelforskriften av 25.5.2015.](#)
- [Instruks til kommune og fylkesmann om utøvelse av delegert myndighet etter plantevernmidelforskriften av 1.6.2015, i brevet kalla «Instruksen».](#)

Sjå generell informasjon om ny forskrift på

<https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Strengare-reglar-for-bruk-av-plantevernmiddel/>

Spørsmål knytt til denne informasjonen kan rettast til Øyvind Vatshelle.


Åse Vaag
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
Seniorrågjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg 1 – Autorisasjonsdatabase – innlogging og brukarhjelp

Innlogging på nett <http://autweb.internova.no/Prod/Login.aspx>



Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

Autorisasjonsregister plantevernmidler

Brukernavn:
Passord:

10.01.2016 Da er det kjørt ny vask igjen! På brukersiden finner du detaljene.

Finne brukarhjelp:

[Brukersiden](#) [Logg ut](#)

1. Vis innehavere

Etternavn	<input type="text"/>	Eksamenskommunenr	<input type="text"/>	
Fornavn	<input type="text"/>	Eksamensdato mellom	<input type="text"/>	og <input type="text"/>
Fødselsnr	<input type="text"/>	Beviskommunenr	<input type="text"/>	
Postnr	<input type="text"/>	Bevisdato mellom	<input type="text"/>	og <input type="text"/>
Kommunenr	<input type="text"/>	Gyldighetsdato mellom	<input type="text"/>	og <input type="text"/>

Rader pr. side:

Rettleiing og svar på spørsmål på brukarsida:

[Brukersiden](#) [Tilbake til søkesiden](#) [Spørsmål og svar](#)

Brukerveiledninger - (MS Word format)
brukere med full [Kort utgave](#) (4 sider) Siste oppdatering: **15.01.2005**
tilgang [Fullstendig utgave](#) (16 sider) Siste oppdatering: **18.09.2005**

(Tips: Høyreklikk og velg Lagre mål som..)

Brukerveiledninger - [Veiledning om søkemuligheter](#) (8 sider) Siste oppdatering: **April 2005**
brukere med
lesetilgang

Endringer i systemet:

10.1.2016 Ny vask av persondata. Alle persondata er kontrollert i folkeregisteret og personer med sikre opplysninger er rettet.

- Personer i databasen : **66 683** (Pr. 02.01.16)
- Personer med sikre opplysninger : **66 412** (99,58%)
- Personer med usikre opplysninger: **270** (0,42%) Av disse er det *ingen* som er registrert med gyldig bevis pr. 2.01.16

Vedlegg 2 – Å søkje opp dei som har bestått eksamen i nettkurset

For å søkje på desse i autorisasjonsdatabasen:

1. Klikk på «Flere valg» (knappen visast deretter vist som «Færre valg»)
2. Velg «E-læring» i ruten for eksamensform

Sjå skjermbilete:

1. Vis innehavere

Etternavn	<input type="text"/>	Eksamenskommunenr	<input type="text"/>	
Fornavn	<input type="text"/>	Eksamensdato mellom	<input type="text"/>	og <input type="text"/>
Fødselsnr	<input type="text"/>	Beviskommunenr	<input type="text"/>	
Postnr	<input type="text"/>	Bevisdato mellom	<input type="text"/>	og <input type="text"/>
Kommunenr	<input type="text"/>	Gyldighetsdato mellom	<input type="text"/>	og <input type="text"/>
Bevisstatus	<input type="text"/>	Eksamenstype	<input type="text"/>	Eksamensform <input type="text" value="E-læring"/>
<input type="button" value="Søk"/>	Rader pr. side: <input type="text" value="20"/>	<input type="button" value="Tøm alle felt"/>	1. <input type="button" value="Færre valg"/>	<input type="button" value="Til utskriftsside"/> <input type="checkbox"/> Slettet

Vedlegg 3 - sjekkliste for eksamensarrangør Autorisasjon plantevern



Kontrollere i god tid før eksamen at du har fått tilsendt rett eksamen og rett tal, samt etikett med tosidig og leseleg tekst.

- Sørgje for at kandidatane sit med tilstrekkeleg avstand.
- Dele ut rett eksamen/oppgåve, inkludert rett etikett for plantevernmiddel.
- Setje i gang eksamen, halde oppsyn og avslutte i rett tid.
- Besvarte oppgåver og ekstra oppgåvesett skal returnerast til Fylkesmannens landbruksavdeling. Gje melding om kva kommune eksamen blei arrangert i.

Følgjande informasjon bør bli gitt til kandidatane før eksamen/oppgåve:

1. Personar med spesielle behov kan få tilbod om munnleg eksamen. Du velje mellom å få eksamen/oppgåve på nynorsk eller bokmål.
2. Eksamensavgift kr 180,- har kursarrangøren oftast inkludert i kursavgifta. Dersom du ikkje består, kan du ta kontakt med bustadskommunen for å ta ny eksamen/oppgåve. Ein må då betale ny eksamensavgift på kr 180,- Det er ikkje nødvendig å ta sjølve kurset på ny.
3. Ved bestått eksamen vil du få kursbevis frå Fylkesmannen. Dette er *ikkje* gyldig som bevis ved kjøp og bruk av plantevernmiddel.
4. Berre personar som har fylt 18 år og har *yrkesmessig behov* kan få autorisasjon, etter bestått eksamen.
Dersom du er personleg registrert i landbruksregisteret med næringsmessig landbruksproduksjon, vil kommunen sørgje for at du får tilsendt eit autorisasjonsbevis. Dersom du ikkje er registrert med slik drift, må du *sjølv* ta kontakt med bustadskommunen din for å informere om yrkesmessig behov.
5. Varigheit av eksamen/oppgåve og tillate hjelpemiddel:

Eksamen – ved autorisasjon for første gang

Eksamen er ein skriftleg prøve på 1 time.

Ingen hjelpemiddel utanom kalkulator er tillate.

Avsluttande oppgåve – ved fornya autorisasjon

Den avsluttande oppgåva er ein skriftleg prøve på 1 time.

Det er her tillate å bruke hjelpemiddel, som kursbøker, eigne notat og kalkulator.